

Valkamputvalet sin sluttrapport

Vi slår det fast med ein gong: Sogn og Fjordane Venstre nådde målsetjinga vi har slåss for sidan 1969. Gunvald Ludvigsen vart etter nervepirrande oppteljingar vald som stortingsrepresentant for vårt fylke på utjanningsmandatet.

Men la oss ta det litt kronologisk. I etterkant av nominasjonsmøtet på Nordfjordeid 27.11.04 fekk styret frå dei tilstadesverande lokallaga tilslutnad til å peike ut følgjande valkamputval:

Rolf Nesheim, leiar
Gunvald Ludvigsen
Bjørg Mikalsen
Åse Kari Einevoll
Siv Langøen Rotevatn

Utvalet har hatt 7 møter inklusiv eit oppsummeringsmøte. I tillegg har det vore hyppig telefonisk kontakt. Samlingane i rikspolitisk nettverk vart også nytta til drøfting av den lokale valkampen.

1. Valresultatet

Kommune	2001	2005 (%)	+/-
Askvoll	168	158 (8.6)	-10
Aurland	40	57 (5.6)	17
Balestrand	80	73 (10.0)	-7
Bremanger	90	110 (4.8)	12
Eid	200	443 (13.7)	223
Fjaler	105	84 (5.5)	-21
Flora	313	416 (6.8)	113
Førde	393	393 (6.5)	0
Gaular	106	38 (2.3)	-68
Gloppen	239	183 (5.3)	-56
Gulen	50	79 (5.5)	29
Hornindal	81	83 (11.8)	2
Hyllestad	28	27 (3.3)	-1
Høyanger	61	78 (3.0)	17
Jølster	213	99 (6.0)	-114
Leikanger	89	100 (7.3)	11
Luster	53	113 (3.9)	60
Lærdal	38	44 (3.5)	6
Naustdal	118	55 (3.4)	-63
Selje	48	75 (4.5)	27
Sogndal	123	175 (4.6)	52

Solund	22	21 (4.5)	-1
Stryn	234	216 (5.9)	-18
Vik	54	78 (4.7)	24
Vågsøy	214	248 (7.1)	34
Årdal	60	57 (1.7)	-3
Sum	3220	3503 (5.8)	283

Sogn og Fjordane Venstre fekk 5,8% av røystene, ein framgang på 0.4%. Dette var noko under målsetjinga. Etter valkamputvalet si vurdering har vi likevel grunn til å vere tåleleg nøgd med resultatet på bakgrunn av resultatata til dei andre regjeringspartia i fylket.

Gode enkeltresultat fekk vi, med Eid, Hornindal og Balestrand som dei beste kommunane i prosentvis oppslutnad. I grove trekk kan vi sei at vi fekk eit noko svakare resultat i Nordfjord enn forventa, og resultat om lag på forventningane i Sunnfjord og Sogn. AP, FRP og SP var vinnarar ved dette valet i vårt fylke. Ut frå meiningsmålingane var ønskje om regjeringsskifte sterkare i vårt fylke enn i andre fylke. Kommuneøkonomi og industriarbeidsplassar har fått mykje merksemd i perioden, også i den lokale valkampen. I denne valkampen var LO-organisasjonane og bondelaget samstemte på ønskje om regjeringskifte noko som fekk innverknad på valresultatet.

Nokre av variasjonane i røystetal har samanheng med kven og kor dei øvste kandidatane kom frå i 2001 og 2005. I fylkessamanheng er det positivt at vi aukar eller held røystetalet i dei folkerike kommunane våre. Gledeleg er det også med framgang i kommunar som Høyanger og Selje, og at vi held stillinga i Årdal, tre kommunar der vi ikkje har lag. Elles var det fleire kommunar i Sogn som fekk tilbake nokre av røystene SP lånte frå oss i 2001.

2. Utjammingsmandatet

Det at vi på nominasjonsmøtet 27.11.04 stakk fingeren i jorda og vart samde om å kjempe om utjammingsmandatet gjorde det vesentleg lettare for valkamputvalet, stortingskandidatane og lokallaga i møtet med veljarane og media. Allereie på dette tidspunktet starta fokuseringa på den nye valordninga og korleis denne ville favorisere Venstre som parti. Vår oppfatning var at dette bidrog til at Gunvald og vi andre kunne senke skuldrene "utan" tanke for dei lokale meiningsmålingane.

At Venstre fekk fleire stemmer fordi veljarane rundt om i dei ulike fylka no kunne stemme på sitt eige parti er eit faktum, også i vårt eige fylke. Dette vart forsterka av media si interesse for Venstre si nøkkelrolle siste månaden i valkampen.

3. Stortingsvalprogrammet

For Sogn og Fjordane Venstre var det veldig viktig å kunne gå til val med eit program som viste at Venstre er eit distriktsparti. For Gunvald Ludvigsen som førstekandidat var det vesentleg å kunne marknadsføre programpostar, sjølv om andre parti sine kandidatar hadde eit meir avslappa forhold til kva ein tok til orde for. Engasjementet frå lokallaga var upåklageleg i høve å påverke stortingsvalprogrammet.

Truleg er det lenge sidan vårt fylke har hatt så stort gjennomslag i høve stortingsvalprogrammet. Lokallaga var aktive i å kome med framlegg, styret arbeidde aktivt og Åse Kari Einevoll og Rolf Nesheim stod på i landsstyret.

Delegasjonen frå Sogn og Fjordane var mellom dei mest aktive på sjølve landsmøtet. Eit målretta arbeid resulterte i fleire gjennomslag som vi seinare kunne nytte i vårt arbeid. I denne samanheng kan vi trekke fram programpostane om fullverdige lokalsjukehus, å rette opp att ubalansen i kommuneøkonomien, Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt, ha ein differensiert strandsonopolitikk, Førdefjorden som referansefjord for villaksen, rydde opp miljøproblema i Nordsjøen, landsdekkande opplæringstilbod i økologisk landbruk, styrke fylkeskommunane si regionale utviklingskraft og auke løyvingane til utbetring av vegnettet vesentleg.

Lærdomen vi trekte frå dette arbeidet er kor viktig det er å stå på, også i saker vi ikkje vant fram med i landsstyret første gong. Delegatane nytta aktivt sine nettverk og det letta arbeidet med Åse Kari Einevoll som sentralstyremedlem og Rolf Nesheim som medlem av programnemnda på sjølve landsmøtet.

4. Tilhøvet til lokallaga

Valkampen starta dagen etter nominasjonsmøtet (28.11.04) med ei samling for listekandidatane, styret og lokallaga. I dette møtet drøfta ein strategien framover og inviterte til dialog mellom Gunvald, valkamputvalet og lokallaga.

Nasjonale transportplan er ei viktig sak i vårt fylke. Då fylkestingsgruppa prioriterte opprusting av Rv 60 Olden- Innvik framfor Dalsfjordsambandet meddelte Fjaler Venstre i april at dei for sin del ikkje ville delta aktivt i valkampen for fylkeslaget. Meldingane frå Fjaler Venstre var så tydelege at utvalet ikkje fann grunn til å gjere noko aktivt i høve laget. Difor vart det heller ikkje delt ut materiell frå fylkeslaget i Fjaler.

30.04.05 inviterte fylkeslaget til ei fylkesdekkande samling utan at oppslutnaden vart stor.

Undervegs vart det sendt ut fire medlemsbrev frå Gunvald og frå fylkesleiaren. I tillegg til ei rad med ulike epostar.

På dei tre regionale samlingane i Stryn, i Sogndal og i Florø vart materiellet (kort, valkampavis, røystesetlar og brosjyra reint hav) delt ut. Samstundes fungerte møta som lyttepostar mot grasrota og høve til informasjonsutveksling.

Nokre lag var svært selektive på korleis dei ville nytte førstekandidaten vår, og hadde eit klart opplegg med bedriftsbesøk og pressa. Vik Venstre var i så måte eit føredøme. Andre lag var seint ute, mens andre lag forventa at valkamputvalet skulle fortelje dei kva vi ville. Her har vi eit klart forbettringspotensiale.

Elles var det enklare å vere listekandidat på stand ved dette valet enn det var for 4 år sidan. Sist hadde vi Sellafjord-aksjonen, mens vi no hadde spørjekonkurranse. Den gode valvinden nasjonalt og tryggleiken i kva budskap vi gjekk til val på, var andre positive faktorar.

Aksjon 25000 gjekk og betre i år enn tidlegare. Jan Taule var ansvarleg. Om det var den generelle stemninga som bidrog skal vere usagt, men det var kjekt når Johan Kroken i Selje ringte og spurte om han kunne få 100 kort som han ville sende ut. Og det i ein kommune vi

ikkje har lokallag. For oss i valkamputvalet var dette oppmuntrande saman med andre hyggelege meldingar.

Siste helga gjennomførte vi ein SMS-aksjon som gav god utteljing for operatørane. Tilbakemeldingane tyder på at mange tok del i aksjonen.

5. Tilhøvet til Venstre sin hovudorganisasjon

Sogn og Fjordane var eitt av dei prioriterte fylka. Dette innebar at vi skulle prioriterast av hovudorganisasjonen ved fordeling av våre fremste politikarar. Såleis kom partileiar Lars Sponheim til Eid i innspurten av valkampen for å hjelpe fram Gunvald. Vi fekk mange gode oppslag i samband med dette besøket, samstundes som besøket i seg sjølv var ei vitamininnsprøyting for oss lokalt.

Tidlegare på året hadde Lars vore på vitjing i Førde som landbruksminister. Eit besøk som var eit vendepunkt i høve media og folk si oppfatning av Lars som politikar.

I juni arrangerte fylkeslaget saman med Noregs Kvinne og Familieforbund eit ope møte i Sogndal om Valdens ulike ansikt. Statssekretær Rita Sletner i justisdepartementet var innleiar på eit godt besøkt møte med gode mediaoppslag i etterkant.

Rikspolitisk nettverk var hovudorganisasjonen si skuleringssatsing der listekandidatane og andre ressurspersonar i fylkesledda deltok. Samlingane, som starta hausten 2004, medverka heilt klart til at Venstre stod fram som eit samla og tydeleg parti. Valkamputvalet sine medlemmer deltok på samlingane og hadde godt utbytte av dei. Etter vår oppfatning bør Venstre også ved seinare høve nytte dette som verkemiddel.

Venstre og media

Når vi kjem til stortingsvala er Venstre eit lite parti i Sogn og Fjordane fordi vi tradisjonelt har hatt små sjansar til å bli representert. For oss har det såleis vore vanskeleg å setje dagsorden.

I tre saker må det seiast av vi sette dagsorden. Gunvald sette premissa for diskusjonen om innhaldet i lokalsjukehusa. Det gjekk så langt at førstekandidaten til SP også begynte å snakke om fullverdige lokalsjukehus. Differensiert strandsonopolitikk og Førdefjorden som referansefjord er to andre saker veljarane vil forbinde med Venstre etter denne valkampen. Når det gjeld kysten sine utfordringar var vi på bana, men vi makta berre delvis å setje dagsorden.

Elles vil Venstre bli hugsa frå denne valkampen for vår nøkkelrolle i regjeringsspørsmålet, den nye valordninga og at dei sakene vi gjekk til val på var programfesta.

Nøkkelrolla fekk vi tidleg kommunisert ut og til slutt var det media sjølv som kommuniserte det både nasjonalt og lokalt. Dette opna for debatt om den nye valordninga og synleggjering av våre sjansar i høve utjamningsmandatet i fylket. I slutfasen nytta fleire aviser dette som innfallsvinkel.

Bondelaget sine famøse terningkast sette fokuset på om ei sak er programfesta eller ikkje. Då førstekandidaten til SV ville ha Førdefjorden som referansefjord fekk ho til spørsmål frå media om denne var programfesta, noko ho måtte avkrefte og seinare ville ikkje leiaren av moderpartiet love det heller.

Valkampopninga vart lagt til Førdefjorden 19.08.05. Innslaget vart særdeles vellukka fordi NrK hadde tekniske problem, og poenget kom av den grunn særdeles klart fram. Både NrK og lokalavisene kjørte presentasjonar av dei ulike kandidatane. Såleis kunne veljarane gjere seg opp sine meiningar om kven av førstekandidatane dei ville røyste på.

Vi har mange lokalaviser i dette fylket. Kandidatane sine adresser avspeglar difor også kor lett det er å få intervju på trykk. At Gunvald fekk breiast dekning i nordfjordavisene er difor ikkje underleg. Vår utfordring som organisasjon er at vi må bli flinkare til å handtere media slik at dei vert interessert i å skrive om våre standpunkt og synspunkt.

Grovt sett var det om lag 40 intervju og lesarinnlegg frå listekandidatane og andre i samband med valkampen. I tillegg var vi referert om lag 130 gonger i lokalradioen.

6. Debattane og skuledebattane

I hovudsak var det dei tre fremste listekandidatane, Gunvald , Bjørg og Rolf som deltok i debattane. Skal vi dømme etter terningkasta rundt i kring klarte vi oss sånn midt på treet. Med våre brille kunne det likevel verke som dei raudgrøne kandidatane hadde eit fortrinn hjå delar av pressa heilt frå starten av, mens andre skulle "takast". Men vi vart referert frå debattane både i lokalavisene og i lokalradioen.

I kva grad debattane har noko særleg innverknad på folk si røysting er uvisst, men folk legg nok merke til det dei ser og det dei høyrer i media. På sjølve debattane er det ikkje mange røyster å hente. Likevel var debattane viktigare i år fordi vi hadde ei polarisering i forkant som gjorde at media viste større merksemd om debattane enn tidlegare, særleg NrK.

Skuledebattane var i liten grad Venstre sin arena. 2 av 3 debattar gjekk utan Venstre til stades, noko det også vart gjort eit poeng av i media frå journalistar og politiske motstandarar. For vår del slår vi berre fast at vi er sårbare når Unge Venstre sine folk stort sett er å finne utafor fylket. Når det er sagt fekk vi god oppslutnad på dei stadene vi var representert. Vår vurdering er at det for ettertida må vere eit tettare samspel mellom fylkeslaget og Unge Venstre i samband med skuledebattane.

7. Materiell

Det var ein ulempe at ikkje alt materiellet var klart i det omfanget som var naudsynt då det skulle delast ut på dei regionale samlingane. Dette vanskeleggjorde distribusjonen. At ikkje alle lokallaga var representerte på dei regionale samlingane var også ein ulempe.

Vi var ikkje flinke nok til å syte for at materiellet kom ut til alle kommunane.

Valkampavis:

For første gong laga vi ei valkampavis. Siktemålet var at alle listekandidatane og nokre av dei mest kjente Venstreprofilane utafor lista skulle skrive innlegg om Venstre sin politikk for at veljarane skulle få eit innblikk i kva Gunvald og Venstre gjekk til val på.

Slik vi ser det forenkla og konkretiserte det budskapet vår i høve veljarane. Fleire av innlegga gjekk att som lesarinnlegg og intervju og kom fram i spørsmål Gunvald skulle svare på frå media. Det var lettare å bli kjent med Gunvald gjennom denne presentasjonen. Samspelet mellom valkampavis, kort og annonsering var ein styrke for oss.

I valkamputvalet hadde vi det gøy i heile prosessen fram mot det ferdige produktet. Tilbakemeldingane frå laga og einskildmedlemmar var positive. Det same var dei frå andre som fekk avisa. For vår del har valkamputvalet konkludert med at dette bør gjentakst ved seinare høve.

Brosjyre om reint hav:

Denne vart utarbeidd frå nokre fylkeslag i samarbeid og viste på ein god måte dei miljømessige utfordringane vi står overfor i den blå åkeren vår. Vi feilvurderte behovet slik at vi måtte bestille fleire noko som var ei ulempe i distribueringa av brosjyra. Kystlaga vart prioritert, men også der vart det for få i startfasen.

Vi fekk ikkje utnytta denne i media slik vi hadde ønskje om.

Gunvald på tinget for sjukehusa og distrikta:

Det var budskapet på kortet som vart delt ut på stand og som var det vesentlege elementet i aksjon 25000. Utforminga av kortet var ein av dei tinga vi var mest nøgd med frå valkamputvalet si side. Ein enkel budskap med ein svært god illustrasjon gjorde dette spesielt. Dei kreative sidene til Åse Kari og Siv, Gunvald sitt tålmod og sjølvironi samt innspel frå karikaturteiknaren gjorde dette vellukka.

Gunvald sine 11 løfte for kva han vil arbeide for står på baksida av korta.

Annonser:

I innspurten av valkampen nytta vi to annonsar: Ei heilsides i nordfjordavisene og ei halvside i Firdaposten. Av desse to annonsane er det vår vurdering at den i Firdaposten var mest lesarvenleg. I høve det samla materiellet vi sendte ut var annonsen i nordfjordavisene mest dekkande, men det spørst om ikkje teksten vart for omfattande og dominerande trass i ei svært delikat utforming.

Røystesetlar:

Vi hadde for få røystesetlar. For ettertida bør ein bestille om lag 100000 røystesetlar slik at ein har i overkant av to per husstand.

Distribusjon:

Storparten av husstandane i fylket fekk valkampavisa vår slik som planlagt. I Solund og Hyllestad glapp det, mens det vart gjort dugnader i ein del av kommunane våre for å få ut avisa til flest mulig. Det var stor variasjon mellom laga og viljen til å gjere ein innsats.

Diverre fekk vi ikkje ut alt anna slik vi hadde tenkt. At materiellet ikkje var heilt klart når vi skulle ha dei regionale samlingane var eit problem. Noko skuldast oss sjølve, mens vi ikkje hadde herredømme over andre ting. Igjen var det stor variasjon mellom laga og innsatsviljen.

Sentralt materiell:

Sjølve materiellet fekk ein mykje positive tilbakemeldingar på. Sjølve distribusjonen fungerte ulikt mellom laga. Desse bestilte det dei ville frå nettbutikken. Her er det eit forbedringspotensiale fordi lokallaga i varierende grad hadde fått med seg korleis det var tenkt å fungere.

8. Økonomi

Budsjettet var på kr. 360000,- mens vi brukte om lag 280000,-. Det er to hovudforklaringar til underforbruket. Den eine er at Venstre samkøyrd landsstyremøta og rikspolitisk nettverk slik at vi fekk reduserte utgifter knytt til reise og opphald i samband med desse, og at det var lægre deltaking enn det var tatt høgde for. Den andre er at vi ikkje fekk tilsett sekretær.

9. Forbetringspunkt

Enkelte forbetringspunkt er omtala tidlegare i rapporten. Generelt kan vi bli mykje flinkare til å tenkje media og kva som kan vere interessant for dei. Elles meiner vi samspelet med lokallaga, Unge Venstre og styret kan forbetrast når vi er i ein valkampsituasjon.

Undervegs i valkampen opplevde vi eit stadig sterkare sakn etter ein valkampsekretær som kunne stå for dei praktiske tinga som å koordinere kommunikasjonen med lokallaga og eksterne samarbeidspartnarar, syte for at materiellet vart distribuert og halde styr på kven som skulle delta kor og når etter kvart som det vart endringar.